



Sportsplan

Vedteken av styret i Sogndal Fotball 11.12.2019

Revidert og vedteken av styret i Sogndal Fotball 06.01.2022

Godkjent av Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane

Innhald

Visjon og kjerneverdier	3
Topplubb med breiddeavdeling	4
Organisering av Sogndal Fotball.....	5
Sport og utviklingsavdeling.....	5/6
Breiddeavdelinga.....	7
Breiddestyret og diverse informasjon.....	8/9
Fair Play.....	10/ 11
Sogndal United.....	11
Politiattest.....	12/13
Trygg Trafikk.....	13
Fotballforsikring	14
Roller i klubben	15
Treningstider	16
Dugnad og treningsavgift.....	16
Trenar-, leiar- og dommarutvikling	17
Seniorlag i Sogndal Fotball.....	18
Ungdomsfotball i Sogndal Fotball 13-16 år	21
Barnefotball 5-12 år	22
Differensiering og jambyrdigheit i barnefotballen	23
Hospitering.....	24
Retningslinjer for spelarovergangar.....	25
Oppsummering	26

Visjon og kjerneverdier

Visjon: Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdier: Ambisiøs, utviklende, inkluderende og ærleg

Ambisiøs

Me skal søke kontinuerlege forbetringar. Det me gjer i dag, kan utviklast i morgon. Me skal vera resultatorientert og ha mot til å prioritere. Me skal sette krav til kvarandre, og ha ambisiøse mål.

Utviklende

Me skal vere utviklende og tenke langsiktig. Me skal søke utvikling og kompetansebygging i lag med våre samarbeidspartnarar. Me skal stimulere utvikling gjennom gode rammevilkår, god tilrettelegging og god oppfølging. Me skal utvikle heile mennesket og heile organisasjonen.

Inkluderende

Me skal ha ein inkluderende holdning der alle skal kunne kjenne tilhøyrighet. Me skal vera audmjuk og opptre med gjensidig respekt for kvarandre.

Ærleg

Me skal ha eit realistisk sjølvbilete, vere ærlege, snakke til og ikkje om kvarandre. Me skal skape samhald, tillit og respekt gjennom god og løysingsorientert dialog.

Toppklubb med breiddeavdeling

Toppklubben Sogndal og breiddeavdelinga i klubben er knytt saman. Sogndal som toppklubb er avhengig av bidrag frå breiddeavdelinga og lokalsamfunnet elles for å kunne oppretthalde si satsing med a-laget. Likeins har breiddeavdelinga nytt godt av den enorme anleggsutviklinga som ein har vore vitne til dei siste tiåra og som held fram den dag i dag. I tillegg har ein som toppklubb moglegheit til å tilby både våre eigne spelarar og spelarar frå fylket gode utviklingstiltak.

I samspelet melom toppklubb og breiddeavdelinga er det naudsynt å jobbe kontinuerleg å avklare forventningar i utøving av rollar og mandat. Styret i Sogndal fotball ser det naudsynt å vere tydeleg på nokre føreseielege rammer. Satsingslaga i Sogndal fotball er i prioritert rekkjefølgje; Sogndal A, Sogndal 2/G19, G18 Nasjonal, G16 Nasjonal og G14 Nasjonal. Ut over dette har Sogndal fotball sport eit mandat til å nominere og følgje opp utvalde satsings spelarar på tvers av organisasjonen (jfr. Retningslinjer i akademiklassifisering).

«Tilrettelegging for å utvikle unge fotballspelarar»

Alt Sogndal handlar om er denne eine tingen. Men for å få til dette eine, må me gjere mykje anna.

Å etablere Fosshaugane Campus handla om å leggje til rette for ei langsiktig og brei kompetanseutvikling av unge fotballspelarar, noko både etableringa av Campus helse og Campus media understøttar. Mange andre tiltak kan nemnast, men i perioden 1990-2012 har utbygging av anlegg for å legge til rette for å utvikle fotballspelarar vore det mest sentrale. Dei siste åra har infrastrukturen nærma seg «komplett» og fokuset har gradvis kunne utvikla seg frå anlegg til innhald. I praksis vil dette bety investering i menneske, såkalla humankapital, samt teknologi. Dette dreier seg om både å styrke det sportslege støtteapparatet, utvikle samarbeid med kompetanseorganisasjonar både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Me ønskjer med sportsplanen å klargjere mål, retningslinjer og føringar i klubben på ein kortfatta måte. Planen skal vere dynamisk og skal reviderast jamleg. Sogndal Fotball ønskjer på alle nivå å gi eit godt tilbod til alle involverte og skape eit livslangt engasjement til fotballen og klubben.

STAO NO PAO!

Organisering av Sogndal Fotball



Sport- og utviklingsavdeling

I samarbeid med dei ulike laga i systemet, SFFK, NFF, Norsk Toppfotball, Toppfotballsenteret, Idrettssenteret, HVL, SVGS, SU og klubbane i fylket og andre kompetansesenter og samarbeidspartnarar, ønskjer Sogndal Fotball å legge til rette for å utvikle spelarar som ønskjer og verte best mogleg. Dette arbeidet blir koordinert og gjennomført av sport- og utviklingsavdelinga i klubben.

Oversikt over tilsette og ansvarsområder finn ein på: www.sogndalfotball.no.

Mandatet til utviklingsavdelinga er å drive dei nasjonale laga på gutesida, drifte treningsgruppa rundt Sogndal 2, samt kvalifisering og deltaking i junior-NM.

Sogndal 3 (er pr. tid eit samarbeidslag med Fjøra) skal vere eit breiddetiltak i Kvalitetsklubb, samt eit tilbod for differensiering som supplerer tilgang til speletid i satsingslaga.

Sogndalsakademiet- Eit ekstratilbod i barne- og ungdomsfotballen.

Sogndal Fotball ynskjer med akademiet å gi eit utvida tilbod for alle dei som vil trene meir fotball. Akademiet vårt tilbyr treningar gjennom veka for alderen 6-13 år. Tilbodet inneheld fotballaktivitet og ein får frukt og drikke før trening (gjeld ikkje Miniakademiet).

Akademiet er eit eige tiltak, på sida av breiddefotballen og er eit tilbod for alle jenter og gutar i Sogndal og omegn.

Målsetjinga for akademiet er eit læringsmiljø som fremjar fellesskap, interesse, haldningar og motivasjon til vidare utvikling. For at alle deltakarar skal få best mogleg utbytte av akademitreningane vert det i dei fleste treningar ferdigheitsdifferensiert.

Meir informasjon om akademiet finn du på breiddesida til Sogndal Fotball.

«Miniakademiet»

Klubben har Miniakademiet som tilbud for dei yngste spelarane.

Keepertrening

Sogndal Fotball tilbyr eigne keeperøker for keeperar. Dette vert gjort i samarbeid med Terje Skjeldestad Keeperskule og vert gjennomført ein gong i veka i perioden oktober til april. Informasjon om dette tilbodet vil bli lagt ut på Sogndal Fotball sine informasjonskanalar.

Fotballskular

Sogndal Fotball arrangerer fotballskular for born og unge i alderen 6-12 år. Fotballskular er ein stor oppleving for alle involverte og ein glitrande høve for born frå Sogndal og omegn til å kome saman og lære meir om fotball. Klubben arrangerer TINE fotballskule kvart år.

Breiddeavdelinga

I sportsplanen vil de finne retningslinjer for korleis Sogndal Fotball jobbar mot visjonen:

Utviklingsarena for toppfotball

Sportsplanen er tufta på Norges Fotballforbund sine retningslinjer for barne- og ungdomsfotball. Sportsplanen vektlegg det som vi i Sogndal Fotball tykkjer er viktige for våre spelarar, trenarar og lagleiarar. Alle barn og ungdom som ynskjer å spele fotball i Sogndal skal få tilbod om det (jmf. flest mogeleg, lengst mogeleg og best mogeleg). Det skal vera kjekt å spele fotball i Sogndal, og det skal vera mogeleg å nå langt som fotballspelar.

Sogndal Fotball ynskjer å tilby eit fotballtilbod og ei fotballoppleving prega av trygghet, meistring og trivsel i både trening og kamp, samt deltaking i eit sosialt og trygt lags- og klubbmiljø. Sogndal Fotball skal vere ein stor breiddeklubb, og vi ynskjer å vera ein viktig bidragsytar til eit godt barne- og ungdomsmiljø i Sogndal.

Utvikling av enkeltspelarar er viktig for klubben. Utviklingsarenaen for å bli toppspelar går gjennom breiddefotballen. Sportsplanen skal fungere som eit verktøy og hjelpemiddel for spelarar, foreldre, trenarar og lagleiarar, og andre som er interessert i kva Sogndal Fotball driv med, lurar på korleis vi jobbar og korleis vi ønskjer å utvikle oss. Det er eit krav at alle trenarar og lagleiarar i klubben må sette seg inn i sportsplanen og følgje den.

Klubben har gjennom akademiklassifiseringa utarbeida nye planverk for barne- og ungdomsfotballen. Skuleringsplanar 6-12 år, 13-16 år og 17-19 år er eit hjelpemiddel i treningsarbeidet.

Breiddestyret

Det er mange ulike rollar og funksjonar i det frivillige arbeidet kring breiddefotballen. Breiddestyret er valde på årsmøtet til Sogndal Fotball. Antall representantar vil variere, og personar kan gjerne ha fleire rollar samtidig. Samansetninga av breiddestyret med kontaktinfo finn ein til ei kvar tid på nettsida til breiddefotballen i Sogndal Fotball. Hovudoppgåvene til breiddestyret er ei overordna organisering av breiddefotballen, formidle informasjon frå krets og klubb, sørgje for påmelding til krets av lag i seriespel, vedlikehalde og følgje opp sportsplan, legge til rette for utdanning av trenarar og leiarar, og arbeide for rekruttering av dommarar.

Funksjonar og rollar i breiddestyret/Kvalitetsklubb

Leiar: Representerer breiddefotballen i hovudstyret og har ansvar for at breiddestyret til ei kvar tid fungerer så optimalt som mogleg. Økonomiansvarleg. Ansvarleg for registrering av politiattestar for alle involverte i barne- og ungdomsfotballen. Sørgjer for god informasjonsflyt og er administrator for nettsida til breiddefotballen. Hjelper til med å få trenarar og lagleiarar til laga frå foreldregruppene eller andre miljø. Samt melde på lag i seriesystemet.

Miniputtkontakt: Koordinator for miniputt laga, 6-10 år. Lagleiar miniputt. Er ansvarleg for påmelding av lag til kretsen. Hjelper til med å få starta opp nye kull ved å få engasjert foreldre til å vera trenarar og lagleiarar. Oppdaterer trenarlistar.

Dommar- og fair playkontakt: Arrangere dommarkurs for spelarar under 16 år. Oppdatere og gjera tilgjengeleg dommarlistar før kvar sesong. Samt fremme Fair Play i organisasjonen. Gjennomføre ulike Fair Play tiltak. Sørgjer for at laga har det Fair Play-materiellet dei skal ha. Desse rollene kan fordelast på fleire personar.

Utdanningskontakt: Kartlegge behov for utdanning/kurs i barnefotballen og vidareformidle informasjon om utdannings-/kursstilbod for klubben frå krets og forbund. Utdanningskontakt har i saman med leiar ansvar for registrering og oppfølging av politiattestar

Materialforvaltar: Sørgje for at laga i breiddeavdelinga har nødvendig lagsutstyr som ballar, vestar, medisinsk utstyr, førstehjelpsutstyr med meir.

Fiksansvarleg: Sørgjer for at FIKS er oppdatert for laga og klubben.

Rekrutteringsansvarleg: Hjelper til å legg til rette for oppstart av nye årskull. Hjelper trenarar og lagleiarar i gang, og har møter med dei for å få inn rutinar for drift av eit lag.

Utvida informasjon om arbeidsoppgåver og ansvarsområder for dei ulike rollene i breiddestyret finn du på nettsida til Breiddeavdelinga. Her finn ein også kontaktinformasjon for medlemmane i breiddestyret og andre rollar i breiddefotballen som ikkje sit som medlemmer av breiddestyret. Har ein spørsmål kan ein sende mail til:

breiddestyret@sogndalfotball.no

Påmelding av lag

Seriespel i kretsregi: FIKS-ansvarleg melder på laga i FIKS.

Lagspåmelding: I Sogndal Fotball kan ein melda opp lag i overårig serie i barnefotballen (unntatt Kongleriket-turneringar) og frå siste år med barnefotball til første år med ungdomsfotball.

Miniputtturneringar i kretsregi: Laga melder på sjølve, men ofte går påmeldinga via miniputtkontakt.

KM innandørs: Laga melder seg på sjølve i sine respektive aldersklassar.

Lerum Cup: Laga melder på sjølve. Her stiller laga med reine Sogndalslag. Breiddestyret skal informerast om påmeldinga som er gjort.

Norway Cup: Laga melder på sjølve. Breiddestyret skal informerast om påmeldinga som er gjort.

Andre turneringar: Breiddestyret ber om at lagleiarar informerer breiddestyret om kva andre turneringar og cupar laga deltek på. Ved å gjere dette vil breiddestyret få ei oversikt over kor og kva lag som representerer Sogndal Fotball til ei kvar tid. I ettertid kan det vera til hjelp for andre lag som skal velje kva turneringar og cupar dei skal delta på.

På turneringar skal alle i sitt årskull få tilbod om å delta, alle skal få speletid.

Vi oppmodar laga til å lage ein årsplan med ei turneringsoversikt og sende den til breiddestyret før sesongen startar.

Lagleiarar må sjølv informere lokalaviser om turneringar ein har delteke på. Dei kan òg sende ein artikkel med bilete til breiddestyret som kan leggast ut på breidda si side på nett/facebook.

Turneringsinfo sendast til: breiddestyret@sogndalfotball.no

Fair Play

Fair Play handlar om korleis me oppfører oss mot kvarandre både på og utanfor bana og handlar dermed om mykje meir enn å unngå gule og raude kort. I Sogndal fotball ynskjer me at den gode sportsånden, saman med klubbens eigne verdiar, skal sjåast igjen i alle rollane i klubben. Enten ein er spelar, trenar, lagleiar, sit i styret eller er med som foreldre eller støtteperson, skal ein syne ei gjensidig respekt for kvarandre, vise toleranse, likeverd og menneskeverd.

I representasjon for Sogndal Fotball har me alle eit ansvar for korleis me ter oss, og gjennom Fair Play ønskjer me å setje fokus på ovannemnde verdiar. Me ynskjer å drive haldningsskapande arbeid og påverke alle aktørar til oppbyggeleg, positiv åtferd. Gjennom Fair Play ynskjer me å vere ein viktig samfunnsaktør.

Fair Play-helsing

I alle fotballkampar som blir spelt på Sogndal Fotball sine arenaer skal det gjennomførast Fair Play-helsing før og etter kamp. Fair Play-helsinga er eit uttrykk for gjensidig respekt.

Fair Play haldningskontrakt

Alle spelarar, trenarar og lagleiarar i Sogndal Breiddefotball, skal skrive under på ein Fair Play haldningskontrakt. Haldningskontrakten skal vere med på å skape ei bevisstgjeringskring Fair Play.

Lagleiarar og trenarar har ansvar for at spelarar på sine respektive lag skriv under på denne kontrakten i forkant av sesongen. Det oppmodast om å nytte første trening til å gjennomgå Fair Play-reglane og skrive under kontrakten.

Fair Play kampvert

På alle heimekampane til alle lag under Sogndal breiddefotball skal det vere kampvertar med eigne vestar. Desse vestane skal vere merkte med Fair Play-logo. Alle lag skal ha ein slik vest i lagskassen. Vestane skal òg vere tilgjengelege i klubbrommet. Dersom laget er i mangel av kampvertvest, ta kontakt med Fair Play-ansvarleg. Ei utdjuping av arbeidsoppgåvene til kampverten vil ein finne i lagleiarmanualen.

Fair Play foreldrevettreglar

1. Støtt opp om arbeidet til klubben.
2. Møt til kampar og til treningar. Du er viktig for spelarane og miljøet.
3. Gi oppmuntring til spelarane i med- og motgang. Det gir tryggleik, trivsel og motivasjon til å bli verande lenge i fotballfamilien.
4. Me har alle ansvar for kampmiljøet. Gje ros til begge lag for gode prestasjonar og Fair Play.
5. Respekter at trenaren leiar kampen. Konstruktiv dialog om gjennomføring kan du ta opp med trenar og klubb i etterkant.
6. Respekter avgjerdene til dommaren, sjølv om du av og til er ueinig.
7. Det er ditt barn som spelar fotball. Ver positiv og støttande, då er du ein god medspelar!
8. Kva var bra i dag? Spør kva som var bra på trening/kamp og ha ein positiv inngang i dialogen med spelarar og klubb.
9. Ha godt nettvett, fornuftig adferd og syn respekt for kvarandre på nett.
10. Etter oppmøte og før heimreise frå trening og kamp er det spelarane, trenarane og støtteapparatet som har ansvaret for aktiviteten, gi dei støtte og bidra dersom dei spør.

Sjå utfyllande informasjon om Fair Play på klubben si heimeside.

Inkludering

Alle som vil skal få eit tilbod i breiddeavdelinga til Sogndal Fotball.

Sogndal United

Sogndal United er eit aktivitetstilbod for deltakarar med utviklingshemming og er eit samarbeid med Sogndal Fotball. United er eit inkluderande aktivitetstilbod for spelarar frå heile fylket. Alle som vil kan delta på samlingane ut i frå sine føresetnader og funksjonsnivå. Sogndal United har treningssamlingar i Sogndal og andre stader i fylket og praktiserer etter mottoet: «Fotball for alle – Meistring og Moro».

Sogndal United er med på å arrangere Byrkjeloleikane i lag med Sogn og Fjordane Fotballkrets, Sogn og Fjordane Friidrettskrets og Breimsbygda IL. På Byrkjeloleikane kan deltakarane delta i fotball, friidrettsøvingar som kast, hopp og løp (60 m og 200 m), orientering, boccia og hesteskokast.

Leiargruppa består av ei god blanding av studentar og fastbuande samt instruktørar frå Sogndal Fotball sitt A-lag og Sogndal 2. Det er ekstra stas å få treffe A-lags spelarar for tilreisande spelarar som er svært interesserte i fotball.

Politiattest

Krav om politiattest i Sogndal Fotball. Styret i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) vedtok 10. mars 2008 at heile norsk idrett skal krevje politiattest mot seksuelle overgrep mot barn. Ordninga gjeld for alle som skal utføre oppgåver som i vesentlig grad inneberer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Ordninga tredde i kraft 1. januar 2009.

I Sogndal Fotball blir ordninga handtert på følgjande måte: Alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgåver som inneberer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming, skal framskaffe politiattest.

Dette blir gjort i samråd med:

Andrea Strand Solbakken: På e-post andrea_solbakken@hotmail.com

Representantane har teieplikt om dei opplysningar dei får kjennskap til.

Politiattesten inneheld berre opplysningar om personen for tida er sikta/tiltalt eller tidlegare ilagt førelegg/dømt for brot på bestemningar i straffelova om seksualforbrytingar overfor barn. Sogndal Fotball har ikkje anledning til å be personen om å innhente politiattest for andre straffbare forhold. Innhenting av politiattest er gratis.

Rutinar for innhenting av politiattest

1: Ein kan no søke elektronisk på Politiet sine heimesider.

Ein treng ein **stadfesting på føremål**. Ein tek då kontakt med **Andrea Strand Solbakken** som fyller ut det aktuelle skjema for stadfesting. Ein må oppgi fullt namn og personnummer. Dette kan ordnast via e-post. Ein får då ein ferdig utfylt og signert stadfesting på føremål i retur som eit vedlegg.

2: Ein loggar seg på og nyttar MinID, BankID, Buypass eller Commfides. Ein lastar så opp bekreftelse på formålet i prosessen:
<http://www.politi.no/tjenester/politiattest/>

3: Politiet sender attesten som ordinær post til den søknaden gjeld for. Den sendast ikkje til Sogndal Fotball. Behandlingstid hjå politiet kan vera nokre veker.

4: Søkjaren skal så visa fram sin politiattest til **Andrea Strand Solbakken**. Sogndal Fotball skal ikkje lagre attesten, men kun få den framvist til gjennomsyn. Framvisinga skjer enten ved personleg oppmøte eller så scanner ein politiattesten og sender politiattesten til Andrea S Solbakken som vedlegg i ein e-post eller som MMS-bilete. Ein slik e-post eller MMS blir sletta etter at den er registrert i Sogndal Fotball sin database.

Personar som ikkje har framvist politiattest utan merknad, kan ikkje settast til oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

Sjå elles nettsida: www.idrett.no/politiattest/. Politiattestar skal fornyast kvart 3 år. Informasjon om korleis ein gjer dette, vil alltid stå på nettsida til Sogndal Breiddefotball. Den vil til ei kvar tid vera oppdatert med kontaktpersonar og adresser.

Trygg trafikk

Me har alle eit ansvar for å vere trygge i trafikken. Dette gjeld både på turneringar me arrangerer, men og på reise til og frå kamp.

Reisa skal vere organisert på førehand, enten gjennom lagleiar eller reiseansvarleg. Avtal avreisestad og køyr i følgje. Bruk erfarne sjåførar og rekn god tid til ferje og kamp. Brot på trafikkreglar vert ikkje tolerert. Sei i frå dersom det føregår uvettig køyring.

Alle har ansvar for å oppdatere seg på trygg trafikk sine nettsider i høve køyring av barn og ungdom. Me har alle eit ansvar for at spelarar og støtteapparat kjem trygt fram.

www.tryggtrafikk.no

Fotballforsikring

Alle spelarar i Sogndal Fotball er i utgangspunktet forsikra gjennom NFF si forsikringsordning. Spelarar som er fylte 12 år og oppover skal vere registrerte i FIKS. Alle spelarar må vere registrerte i klubbens medlemsregister (Sogndal Idrettslag), samt at treningsavgift må vere betalt.

Skulle det oppstå ein skade i samband med fotballtrening eller kamp er det viktig at foreldre/føresette registrerer skaden på elektronisk skademeldingsskjema som ligg på nettsida; www.fotballforsikring.no. Her finn ein og meir informasjon om forsikringsordninga. Det er viktig at trenarar/lagleiarar er med på å opplyse om dette til foreldregruppa.

Gjennom fotballforsikringa kan alle fotballspelarar ringe **Idrettens Skadetelefon (02033)** for blant anna å få eit kvalitetssikra og godt behandlingstilbod i nærmiljøet som dekkast av fotballforsikringa. Idrettens skadetelefon er open alle dagar mellom 09:00-21:00.

For at ein skal ha krav på erstatning, må all behandling bestillast via Idrettens Skadetelefon.

Ved akutte skader som medfører risiko for liv og helse, ta direkte kontakt med legevakta.

Det er også mogleg å teikne individuell utvida forsikring.

Roller i klubben

Trenar

Hovudtrenaren har hovudansvar for laget. Han/ho skal forberede og gjennomføre treningar og kampar. Dette skal gjennomførast i samsvar med retningslinjer gitt i sportsplanen og skuleringsplanane.

Det er viktig at ein deltek på trenarforum og samlingar i regi av klubb og krets. Trenarane følgjer krava til utdanning i NFF Kvalitetsklubb.

Trenaren skal syte for at treningar blir gjennomført på ein variert og god måte. Kampar skal gjennomførast med Fair Play, slik at ein representerer Sogndal Fotball på ein god måte.

Trenargodtgjersle: treningsklede med trykte initialar, trenarutdanning: Grasrottrenaren, alle 4 delkurser, sesongkort, coachjakke (når ein har gjennomført heile Grasrottrenaren), fritak frå dugnad ved A-laget sine heimekampar.

Lagleiar

Hovudlagleiaren er administratoren på laget og koordinerer samarbeidet mellom trenarar og foreldre. Lagleiaren har hovudansvaret for kommunikasjonen utad og har ansvaret for at all relevant informasjon vert vidareformidla.

Viktig at ein set seg inn i lagleiarmanualen som ligg på nettsida til Sogndal Breiddefotball.

Lagleiargodtgjersle: treningsklede med trykte initialar, sesongkort, fritak frå dugnad ved A-lag heimekamp.

Identitet: Alle trenarar og lagleiarar i Breiddefotballen følgjer trenar og lagleiaridentiteten som ein kan sjå på heimesida til klubben.

Treningstider

Utanfor sesong er treningstidene lagt opp til at spelarane kan delta på akademiet, utan at det skal gå utover lagstreningar. I sesong vert treningstidene lagt opp i forhold til kampdag, og ein tek høgde for at det skal vere mogleg å få til gode hospiteringsordningar. Det er viktig at ein melder tilbake om det er treningstider ein ikkje nyttar i periodar.

Lagleiarar/trenarar har ansvar for å sende inn sine ynskjer om treningstider på e-post til gih@sogndalfotball.no, innan frist på dei ulike periodane.

Geir-Inge Heggstad sender ut info om dei ulike periodane i forkant.

I perioden 1. januar – 1. April vil det være mindre areal tilgjengelig enn resten av året

Er det lag som ønskjer meir tid og større areal, er det mogleg å nytte Sognahallen i helgene. Dette avtalast med gih@sogndalfotball.no i Sogndal Fotball.

Treningstider finn ein på nettsida til breiddefotballen under [Treningstid](#).

Dugnad og treningsavgift

Som aktiv fotballspelar i Sogndal, er dugnad ein heilt grunnleggande del av klubbdrifta. Det gjeld alle frå mygg til A-lag og administrasjon, og det er ein viktig for sosialisering og trivsel i klubben.

Kvifor dugnad?

For å kunne arrangere mellom anna toppfotballkampar og Lerum Cup, er dugnad heilt avgjerande for å kunne skape slike arrangement. Denne dugnaden kjem i tillegg til treningsavgift og bidreg til at treningsavgifta er på det nivået den er.

Treningsavgift

Forklaringa på kvifor treningsavgifta er slik den er, har samanheng med tilbodet me kan tilby. Klubben eig og driv sjølv Sognahallen, Fosshaugane Campus, samt treningsfelta på Hafslo og Kvåle. Det betyr at det er klubben som må betale lånefinansieringa av for eksempel Sognahallen. "Klubben" betyr i praksis alle aktive brukarar av fasilitetane våre. Me kunne hatt ei vesentleg lågare treningsavgift utan Sognahallen, men når me ser bruken og gleda av hallen, trur me dei fleste er einige i at det har vore ein flott investering for bygda.

"Treningsavgift + dugnad = tilbodet me i dag har og kan levere."

Sogndal Fotball er heldige som har so mange personar med ei fantastisk dugnadsånd. Me hadde vore fattige på opplevingar utan dugnadsinnsatsen.

Trenar-, leiar- og dommarutvikling

Auka kompetanse gjev meir og betre fotballaktivitet i både breidde og topp. Alle spelarar skal ha eit fotballtilbod som er i tråd med egne ønsker og behov, uansett målsetting. Det stiller krav til kompetanse på trenar- og leiarsida. Den kompetansen får ein ikkje berre gjennom erfaring, men utdanning òg.

Klubben legg til rette for dette, både gjennom egne trenarforum og samarbeid med NFF Sogn og Fjordane. Det blir arrangert oppstartsmøte i byrjinga av sesong og oppsummeringsmøter i slutten av sesong. Førsteårs miniputt sine nye trenarar og lagleiarar får særskilt oppfølging.

Trenarutdanningsmodell Sogndal Fotball

1. Barnefotball 6-12 år

Sogndal Fotball følgjer kompetansekrava i NFF Kvalitetsklubb.

2. Ungdomsfotball 13-16 år

Sogndal Fotball følgjer kompetansekrava i NFF Kvalitetsklubb.

3. Ungdomsfotball 17-19 år

Sogndal Fotball følgjer kompetansekrava i NFF Kvalitetsklubb.

Kontakt utdanningsansvarleg i breiddestyret/Klubbkoordinator for meir informasjon knytt til trenarutdanning og praksis rundt dette.

Dommarkurs

Aktivitetsnivået i fotballen er høgt. Det trengs heile vegen nye dommarar som kan leie kampar både for barn, ungdom og vaksne. I tillegg arrangerer Sogndal Fotball fleire turneringar for barn og unge, blant anna Eat Move Sleep og Lerum Cup, der behovet for dommarar er stort.

Alle jente- og gutespelarar i klubben bør ta klubbdommarkurs ved oppstart av ny sesong, medan småjente- og smågutespelarar skal ta klubbdommarkurs. Ved å gjere dette vil ein sikre at ein til ei kvar tid har nok dommarar i klubben, samstundes vil spelarane få ei forståing av dommaren sine utfordringar og oppgåver i kamp og legge grunnlaget for at Sogndal Fotball sine spelarar opptrer i høve til Fair Play-prinsippa både i trening og kamp.

Seniorlag i Sogndal Fotball

A-lag

Langsiktig målsetnad:

Målsetnaden er Eliteseriespel, eller å kjempe om Eliteseriespel.

Sportsleg og økonomisk bærekraft:

Troppen til a-laget består av 3 ulike «kategoriar» spelarar: referansespelarar, klubbspelarar og utviklingsspelarar.

Sogndal 2/G19

Treningsgruppa Sogndal 2 skal bestå av høgt motiverte spelarar som ynskjer å satse målretta for å bli best mogleg. Treningsgruppa Sogndal 2 skal primært bestå av spelarar som er 15-19 år. Spelarar som held guttealder (15-17 år) deltek også på sitt eige årskull når det er hensiktsmessig.

Organisering:

Innhald Følgjer klubben sin fagplan.

Trenarar UEFA B-lisens eller høgare

Sportsleg Overordna mål:
Regelmessig utvikle spelarar som er gode nok til å ta steget inn i A-troppen.

Fellesøkter 4-5 lagstreningar i veka, supplert med skuletrening, individuelt tilrettelagte økter, styrke- og uthaldstrening.

Satsingslaga, NG-18, NG-16 og NG-14

NG-18

Dette er eit tilbud til utvalde spelarar i Sogndal Fotball for at alle skal få gode referansar på det aktuelle nivået.

Det er styrt av Sogndal Fotball med trenarteam frå Sogndal Fotball.

Laget deltek i ordinær NG-18 serie med tilbud om vekefaste treningar.

NG-16

Dette er eit tilbud til utvalde spelarar i Sogn og Fjordane for at alle skal få gode referansar på det aktuelle nivået.

Spelarane spelar og trenar i eigen klubb, dette er eit tilleggstilbud.

Det er styrt av Sogndal Fotball med trenarteam frå Sogndal Fotball.
Laget deltek i NG-16 Ekstraserie med tilbud om vekefaste treningar.

Spelarar frå fotballkretsen hospiterar inn til Sogndal Fotball.

NG-14

Dette er eit tilbud til utvalde spelarar i Sogn og Fjordane for at alle skal få gode referansar på det aktuelle nivået.

Dette er eit tilbud gjennom toppklubb og krets.

Det er styrt av Sogndal Fotball og NFF Sogn og Fjordane.

Laget deltek i NG-14 kretslagsserie i skuldervesongen.

Spelarar frå fotballkretsen.

Breiddelag Herrer

Denne treningsgruppa er eit breiddetilbod på seniornivå. Treningsgruppa består primært av lokale spelarar.

Organisering:

Innhald Følgjer klubben sitt planverk.

Leiarar Sogndal Fotball følgjer kompetansekrava i NFF Kvalitetsklubb.

Sportsleg: Tilby ein kamparena som passar treningsgruppa med tanke på nivå.

Fellesøker: 1-3 lagstreningar pr. veke.

Damelag

Damelaget til Sogndal skal vere med å legge til rette for å utvikle enkeltspelarar til toppnivå, samstundes som det skal vere eit tilbod for alle som ønskjer å spele fotball. Antall spelarar tilgjengelig før kvar sesong legg grunnlaget for korleis ein organiserer damefotballen i Sogndal.

Sogndal FK Damer har rolla som fylkeslag for damefotball, og for Sogndal Fotball er damelaga organisert under breiddefotballen. Sogndal Fotball har ein intensjon om å samarbeida med Sogndal FK Damer om å skapa ein best mogeleg arena for spelarutvikling og toppfotball på damesida. Sogndal legg til rette for at dei beste spelarane kan få hospitere med Sogndal FK Damer.

Organisering:

Innhald Følgjer klubben sitt planverk.

Leiarar Sogndal Fotball følgjer kompetansekrava i NFF Kvalitetsklubb.

Sportsleg: Tilby ein kamparena som passar treningsgruppa med tanke på nivå.

Fellesøker: 1-3 lagstreningar pr. veke.

Ungdomsfotball i Sogndal Fotball 13-17 år

Breiddeavdelinga i Sogndal Fotball skal gi eit tilbod til alle som ønskjer eit fotballtilbod i barne- og ungdomsåra. **Inkludering** skal stå i høgsete, uansett ferdigheitsnivå og bakgrunn. At ein skal vere inkluderande er ingen motsetjing til det å vere **ambisiøs** og ha som målsetjing å utvikle toppspelarar frå eiga breiddeavdeling. Me skal vere **ærlige** og realistiske i tankesettet. Proffdraumen skal få grobottn og skal kunne dyrkast. Ved å kombinere basistilbodet i lagseiningane, ekstratilbodet på akademiet og trening og kamparena på tvers av klubbmiljø, skal forholda ligge til rette for dei som ønskjer å få mest mogleg ut av potensialet sitt.

Det viktigaste ein som klubb, trenar og foreldre gjer er å stimulere til meir og betre aktivitet i eit miljø som er kjekt å vere i. Dette fremjar **utvikling**, både som menneske og som fotballspelar.

Organisering 13-17 år

Sogndal Fotball følgjer anbefalingar og gjeldande retningslinjer frå NFF Sogn og Fjordane og føringar i klubben sin Sportsplan.

Laga er pr. no basert på foreldretrenarar/klubbtrenarar. I trening og kamp kan det differensierast ut frå haldningar, treningsoppmøte og modning. Det er viktig for klubben å påpeike at gruppene ikkje skal vere statiske.

Lagspåmelding

Etter anbefalingar og retningslinjer frå NFF Sogn og Fjordane og føringar i Sportsplan (sjå side 9).

Klubben melder på lag i seriespel i etterkant av at trenarar/lagleiarar har fulgt veiledaren for lagspåmelding og gitt tilbakemelding til FIKS-ansvarleg.

Planverk

Følgjer klubben sitt planverk.

Turneringar

Trenarar og føresette avgjer på foreldremøte i starten av sesongen kva turneringar laga/kulla skal delta på. Alle skal få tilbod om å vere med, og alle skal få speletid.

Barnefotball 6-12 år

Barnefotball er all organisert fotball for gutar og jenter til og med det året spelaren fyller 12 år. Sogndal Fotball nyttar Noregs Fotballforbund sine grunnverdiar og retningslinjer som eit fundament for barnefotballen

Planverk 6-12 år

Følgjer klubben sitt planverk.

Fotball for alle

Barnefotballen i Sogndal Fotball byggjer på Norges Fotballforbund sin visjon om fotballglede, moglegheiter og utfordringar for alle, uavhengig av ferdigheitsnivå, treningsiver, alder, kjønn og kulturell bakgrunn. Det betyr at alle barn skal få eit godt fotballtilbod tilpassa sitt behov, modning og ferdigheiter. Alle spelarar er like mykje verdt!

Tryggleik + meistring = trivsel

Tryggleik er eit sentralt element i det å trivast. Barnet må føla den rette tryggleiken både i forhold til aktivitetane, sine lagkameratar og ikkje minst til dei vaksne i miljøet. Meistring handlar om å få til noko. Klara ei oppgåva, ta ei utfordring, og vidare beherska den og oppnå eit mål – aleine eller i samspel med andre. I arbeid med barn er det avgjerande å tilpassa aktivitetane slik at spelarane opplever meistring. Dette gjev trivsel!

Differensiering og jamnbyrdigheit i barnefotballen

Sogndal Fotball ynskjer å leggje til rette for at barn kan få ulike typar utfordringar ut frå interesse, haldningar, modning og ferdigheiter. Differensiering i barnefotballen betyr at trenings- og kamptilboda i størst mogeleg grad er tilpassa enkeltspelaren sine ferdigheiter, motivasjon, ønskjer og behov. Differensiering handlar om å drive positiv tilrettelegging.

Kvifor?

Å behandla alle spelarar likt, utsetja dei for nøyaktig dei same utfordringane, for den nøyaktig same aktiviteten, krev at dei lære på same måte og med same hastigheit.

Slik er det ikkje, me skal differensiera påverknaden på feltet. For trivsel, mestring og utfordring, men faste løysningar på differensiering, det vil seia å ha faste grupper i trening og kamp- over tid- er det same som å drive seleksjonspraksis. Det ønskjer me ikkje i barnefotballen.

I barnefotballen skal alle få delta med like moglegheiter. Topping av lag vil seie at nokon får spela vesentlig meir enn andre, og dette skal ikkje førekomma i barnefotballen.

Jambyrdigheit vil seia at ein får nokolunde jamn motstand i både kamp og trening. Dette bidreg til å skapa spenning, glede og engasjement. Jambyrdigheit er ein føresetnad for at spelarane skal oppleve trygghet og meistring.

Lagspåmelding i barnefotballen

- Klubben melder på lag i etterkant av at trenarar/lagleiarar har fulgt lagspåmeldingsveiledaren og gitt tilbakemelding til FIKS-ansvarleg.
- På turneringar i barnefotballen skal alle spelarar på eit årskull ha mogelegheit til å vera med. Det gjennom påmelding. Dersom ein deltek på ei turnering som ikkje er i kretsregi, så er det fint å gje breiddestyret melding om det.
- Klubben kan i barnefotballen melde på lag ein årsklasse opp i serie- og turneringsspel (bortsett frå i Kongleriket-turneringane, sjå informasjon på side 9 i Sportsplanen). Alle skal ha mogelegheit til å melde seg på og delta på laget i årsklassen over. God dialog med foreldre i forkant er viktig før oppmelding av spelarar/lag. Spelaren sin modning, motivasjon og haldning (Fair Play) er viktige faktorar, hald på lag i eigen årsklasse også.
- I Kongleriket miniputtturneringane skal ein alltid melda på lag i sitt eige årskull.

Speletid

- Gjennom sesongen skal alle spelarane i barnefotballen ha tilnærma lik speletid. Ingen fotballspelarar liker å sitje på benken!
- Lagssamansetninga skal som hovudregel ta utgangspunkt i prinsippet om jambyrdigheit. Dersom klubben har fleire lag pr. aldersklasse skal ein forsøkje å laga jamne lag slik at alle har like føresetnader for gode lagsprestasjonar på bana. I tillegg unngår ein då topping innad i laga.
- Det laget som blir liggjande under med 4 mål kan sette inn ein spelar ekstra. Men blir målforskjellen mindre enn 4 mål igjen, så tek ein ut att ekstraspelaren. Slik kan eit lag som ligg under med mange mål få ein betre sjanse til å spele jamt igjen. Dersom ein veit på førehand at det er stor skilnad på laga, så kan ein avtale med motstandaren at dei spelar med 1 ekstra frå start.

Hospitering

Ingen hospitering i barnefotballen 6-11 år.

Spørsmål knytta til hospitering i barnefotballen skal gå gjennom breiddeutvalget som er nominert av breiddestyret.

Hospitering er ei form for differensiering. Det grunnleggjande ved hospitering er at ein gjev spelarar som har haldningar, treningsoppmøte, ferdigheiter og motivasjon til eit utvida tilbod. Dette kan til dømes vera hospitering på trening og i nokon tilfelle kamp, på eit høgare ferdigheitsnivå enn det dei kan få gjennom sitt ordinære lagsmiljø.

I praksis betyr dette at spelarar trenar og/eller spelar kampar med eldre/anna kjønn og/eller betre spelarar. Spelarane vil då oppleve at alt går føre seg i eit høgare tempo, og at det blir stilt høgare krav til handling og handlingsval. Difor er det treningane som inneheld mest mogleg fotballspel som er dei viktigaste å delta på for spelarar som hospiterer.

Hospitering som ordning er aktuelt det året spelaren fyller 12 år og eldre.

Kriterier for hospitering

- Spelaren må over tid ha vist gode treningshaldningar ved å ha høgt frammøte på eige lag.

- Hospitering skal gjevast som eit tilbod til spelarar som held eit høgt ferdigheitsnivå, viser stor interesse for fotball, har gode haldningar og som er lærevillige.

I tilfelle der desse kriteria ikkje er oppfylte, bør ein heller ikkje starte med hospitering.

Slik gjennomfører vi hospitering

- Hospitering i Breiddefotballen skal vere eit supplement til trening/kamp med eige lag. Unntak kan gjerast for spelarar som er aktuelle for landslag.
- Når ein spelar har starta hospitering med eit lag på høgare nivå, har hovudtrenarane på begge lag ansvar for at totalbelastning ikkje blir for stor. Klubbkoordinator set opp ein skriftleg hospiteringsavtale med klubbstyrte føringar.
- Hospitering skal alltid avtalast mellom Klubbkoordinator og trenarane før foreldra og spelar blir informert.

Oppflytting

Om spelarar over lengre tid presterer på høgare nivå, og det både sosialt og sportsleg er fornuftig, kan ei permanent oppflytting vurderast. Dette skal vurderast av Klubbkoordinator saman med Breiddeutvalget. Sjølv om oppflyttinga i utgangspunktet er permanent, så bør den revurderast ved inngang til ny sesong.

Retningslinjer for spelarovergangar

- Sogndal Fotball skal gje eit aktivitetstilbod til spelarar som naturleg soknar til Sogndal - dvs. sentrum, Norane og Fjærland (Sentrum skulekrins på ungdomssteget)
- Sogndal Fotball skal ha eit godt samarbeid med naboklubbane, og ikkje ta inn spelarar som har eit tilbod i eiga bygd. Sogndal Fotball skal heller ikkje ha ansvar for å henta inn spelarar utanfor eigen skulekrins, sjølv om desse står utan tilbod
- Overgangar til Sogndal Fotball kan først vera aktuelt det året spelaren fyller 15 år, gutelag/jentelag, dersom eigen klubb ikkje kan gje eit tilfredsstillande tilbod.
- Overgangar skal sendast til breiddestyret og godkjennast av sportsleg breiddeutvalg i samråd med utviklingsavdelingen.
- Overgangar skal skje berre etter semje på leiarnivå i begge klubbane
- Lagleiar/trenar syter for å melde spelar inn i FIKS. Kontakt breiddestyret.

Oppsummering

Bruk sportsplan og skuleringsplan aktivt. Ta trenarkurs. Delta på trenerforum. Kompetanse gir bedre kvalitet i fotballen. Følg med på nettsida til Sogndal Fotball og Sogndal

Breiddefotball:

Sogndal breiddefotball

Set dykk inn i den informasjonen som er lagt ut på nettsida. Støtt opp om arrangement i regi av Sogndal Fotball og/eller Fotballkretsen.

STAO NO PAO!